

Saksprotokoll

Revisjon kommuneplanens arealdel - grovsiling av innspel

Arkivsak-dok. 18/03630
Saksbehandler Sander Lilleslett

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Formannskapet / Kommuneplanutvalet 2019 - 2023	31.10.2019	45/19

Formannskapet / Kommuneplanutvalet 2019 - 2023 har behandla saka i møte 31.10.2019 sak 45/19

Behandling

Ordførar Heidi Granli overlet leiinga av møtet til varaordførar Herbrand Jegleim.

Camilla Larsen Hoftun er gift med eigar i område Vardhovd-Nystølsfjellet og ba formannskapet ta stilling til sin habilitet. Camilla trådte ifrå medan formannskapet tok stilling til habiliteten. Formannskapet vedtok samrøystes at Camilla var inhabil til å delta i behandlinga området Vardhovd-Nystølsfjellet men habil til å delta i behandlinga av resten av saken.

Heidi Granli har eigedom i område Vardhovd-Nystølsfjellet og ba formannskapet ta stilling til sin habilitet. Heidi trådte ifrå medan formannskapet tok stilling til habiliteten. Formannskapet vedtok samrøystes at Heidi var habil til å delta i behandlinga av saken.

Heidi Granli har ein onkel som har sendt inn innspel til område Vermeli og Lauvsjø og ba formannskapet ta stilling til sin habilitet. Heidi trådte ifrå medan formannskapet tok stilling til habiliteten. Varaordførar Herbrand Jegleim overtok leiinga av møtet. Formannskapet vedtok med 6 mot ei røyst (Tom Rune Skredderberget Blakkestad H) at Heidi Granli var inhabil til å delta i behandlinga som omfatter området Vermeli og Lauvsjø.

Tom Rune Skredderberget Blakkestad (H) ynskja befarung og fremja utsetjingsframlegg. Votering utsetjingsframlegg: Framlegget fekk 1 røyst (Tom Rune Skredderberget Blakkestad H) og fell.

Votering

Det vart votert punktvis.

Punkt I : Samrøystes.

Punkt II: Samrøystes.

Punkt III: Samrøystes.

Punkt IV: Samrøystes.

Vedtak

I

Følgjande innspel er i strid med overordna føringar og blir ikkje konsekvensutgreidd:

- Vermeli, 31/7
- Auenhauglie, 25/367 B
- Auenhauglie, 25/367 A
- Auenhauglie, 37/28
- Skrøyvestølane – F2
- Einarset 24/9
- Storefjellstølen, 24/46 nr. 1
- Skutuset, 24/46 nr. 2
- Kamben, 12/1
- Ørterstølen, 13/3
- Vardhovd-Nystølfjellet, 4/136
- Habbeset, 20/8 og 20/9
- Narveset (fl. gbnr.)
- Urdevollen, 1/13

II

Del av følgjande innspel som er i strid med overordna føringar blir ikkje konsekvensutgreidd:

- Lauvsjø, 35/12
- Auenhauglie, 27/25
- Bualie, 13/20, område C
- Guriset, 13/265 fritid
- Oset, gnr. 23, bnr. 11
- Furuhyttremmen, gnr. 13, bnr. 17, område 1
- Rauddalen (fl. gbnr.)

III

Resterande innspel er ikkje i strid med overordna føringar og blir med vidare til konsekvensutgreiing. Dette gjeld også delane av innspela i punkt II som ikkje er i strid med overordna føringar.

IV

Arealinnspel til kommuneplanens arealdel som kjem inn etter dato for dette vedtaket blir automatisk avslått av administrasjonen med bakgrunn i at fristen for innspel er ute.